

Region nordvest



VELKOMMEN TIL MOLDE

Vi håper å samle hele storfamilien under temaet *Heim*. Aktivitetene er derfor lagt opp for store og små.

LES MER SIDE 45



Misjonssambandet nordvest
Myrabakken Næringssenter,
Spjelkavikvn 132, 6010 Ålesund
E-post: nordvest@nlm.no

Regionleiar og ansvarleg
redaktør: Steffen Stensland
Administrasjonsleiar:
Anne-Marit Engås
Ungleiar: Geir Henning Tunheim

KOMMENTAR



STEFFEN STENSLAND
Regionleiar

Heim

Om bare få dagar samlast vi i Molde til regionmøte. Temaet for regionmøtet er «Heim», eit ord som kan sende oss i mange ulike retningar.

Ordet *heim* sender dei fleste attende til staden dei vart født og vaks opp. Til eit hus, eit tun, ein familie eller ei utsikt. Sjølv har eg tre søsken som vil få den same staden i tankane når vi tenker på kva ordet *heim* siktar til. Eg er takknemleg for at vi alle fire får gode assosiasjonar og kjensler når vi tenker på heimen vår. Slik er det ikkje for alle.

Mange heimar. Det finnes mange heimar og dermed mange assosiasjonar. Ikkje alle assosiasjonar er gode. Nokon har brukt eit heilt liv på å distansere seg frå det som skulle vere heimen deira, men som ikkje vart det. Andre er riven vekk frå heimen sin, nokon på grunn av krig, andre på grunn av forfylgning eller svoltkatastrofar andre igjen er klimaflyktningar. Nokon sit på ein institusjon fordi dei ikkje lenger maktar å bu heime, skilt frå det som er kjent og kjær, mange av desse lengtar heim.

Det er også mogleg å sitje på akkurat den staden ein kallar heim, og likevel ikkje kjenne seg heime. Heim er meir enn geografi eller hus. Det er familie, det er tryggleik og det er den staden der du kan lande og vite at her kan eg berre vere.

Våre heimar. Som born av Gud den høgste, så er vi kalla til å opne

vår heim og invitere andre inn til å «berre vere» der vi er. Vi er kalla til å inkludere alle, særleg dei sva-kaste, og møte dei med kjærleik og omsorg. Det å vere gjestfri og ta imot menneske er kanskje vår tids viktigaste dygd, for å kunne nå menneske med budskapen om Jesus.

Inn i denne verda har Gud og planta mange heimar som skal samle oss som trussøken. For-samlinga av dei heilage er og skal vere ein heim for oss, ein stad vi får vere, tene og ta imot.

«Det kristne felles-skapet er det vi kan kalle eit teikn på det som skal kome.»

Ein endeleg heim. Gjennom desse fellesskapa skal det stråle eit håp. Det kan hende vi berre ser det glimtvis, men Gud har latt desse fellesskapa minne oss om ein endeleg heim som står att for alle som i dette livet set si lit til Jesus. Det kristne fellesskapet er det vi kan kalle eit teikn på det som skal kome. Samtidig får vi erfare ein bit av himmelen i dette fellesskapet.

I motsetning til eit vegskilt som visar veg til ein stad, så er heimen vår i kyrkja ei påskelilje som fortel oss om at våren kjem, og samtidig er den ein del av våren. Vårt håp og vår bøn er at regionmøtet kan få vere nettopp noko slikt for oss når vi samlast. Velkommen heim!

FOTO: UNSPLASH

OVERNATTINGSMULIGHETER MOLDE REGIONMØTE

Kviltorp Camping (nærmest). Her er det godt tilrettelagt for bobiler og telt, kan også leie hytter her. For bobiler og camping er det drop-in.

Bjølstad Camping (Malmefjorden, 12 km). Fint for bobiler og camping med telt. Her kan en bestille i forkant.

Vestheim ungdomssenter (Vestnes). Kairos har i utgangspunktet bestilt Vestheim, men det kan være noen hytter ledige.

Botterlia leirsted (ca 30 km) Stille og fredelig leirsted på Osmarka.

Hotell i byen (3-4 km)

Molde Marina (ca 1 km). Gjestebygge for de som har båt.

MITT BIBELVERS

Salme 103 v. 1 og 10-12: Min sjel, lov Herren, og alt som i meg er, love hans hellige navn! Han gjør ikke med oss etter våre synder, og gjengjelder oss ikke etter våre misgjerninger. For så høy som himmelen er over jorden er hans miskunn mektig over dem som frykter ham. Så langt som øst er fra vest lar han våre misgjerninger være langt fra oss.

Disse ordene har fulgt meg i livet. Det er så utrolig stort og trøsterikt. Jeg tenker på hva som ville skjedd om den tre ganger hellige Gud skulle gi meg igjen etter mine synder. Da ville himmelen være stengt for meg, både nå i livet og i evigheten. Men lovet være Gud. Han gjør med meg etter sin miskunnhet! Og setter foran meg en vidåpen himmeldør, der dørstolpene er som øst fra vest, og dørtreet høyt som himmelen over jorden! Da kan jeg ikke ta feil, og jeg får være hos ham, både i livet og i evigheten.

VIKTOR KVALVIK



NY START

Sommeren 2022 kom vi til Norge etter 11 år i Tacna, Peru. Kystbyen med palmesus og sol hele året. Vi har mange gode minner etter liv og arbeid der. I Tacna ble barna våre Elena, Israel og Karstein født og der har de vokst opp.

TEKST ALICE KROGSÆTER-ARAGON

Å komme til Norge for å bo og arbeide her kjentes for meg som å bli delt i to. Halve hjertet og tankene var i Peru og andre halvdel i Norge. Tanker som «Hva har jeg gjort? Hvordan vil dette gå?» dukket opp. Hvordan kunne jeg reise fra alt det kjente og kjære i Peru? For en som har bodd lenge i utlandet så er det ikke som å komme hjem til Norge. Det er starten på noe nytt.

Veldig mye tid gikk med til papirer som skulle fylles ut, klær og sko som skulle anskaffes til all salgs vær, og ting vi kanskje trengte til hus og hjem etc. Høsten med mørketid syntes svært tung. Mange ganger lengtet jeg tilbake til sol og varme, og til alle kjære i Peru. Samtidig var vi innstilt på å være i Norge nå. Spesielt takknemlig er jeg for det norske helsevesenet som jeg får nyte godt av her.

MISJONÆR I NORGE. Jeg trives svært godt i jobben i Region nordvest dette året. Jeg får lov til å reise i regionen og besøke barne- lag, barnehager, foreninger, leirer og vanlige gudstjenester og møter. Det er fint å få komme rundt å treffe så mange flotte mennesker, og fantastisk å få dele fra Guds ord til små og store. Det er også kjekt å fortelle fra Peru til mennesker som er svært interessert i å høre og som jeg vet er med og ber for misjonsarbeidet. Jeg synes jeg får være misjonær i Norge nå, og er opptatt av å knytte kontakter med mennesker jeg naturlig treffer på i hverdagen.

Jeg har med meg erfaringer som jeg kan nytte godt av i Norge. Vi har mye å lære av peruanerne, som for eksempel vennligheten og tid til hverandre. Tid til å slå av en prat på gaten med folk en ikke kjenner. Jeg har også sett at noen peruanere er flinke til å fortelle videre hva Gud har gjort i deres liv. Å dele vitnesbyrd med andre er noe vi i Norge kan bli flinkere til.



FOTO: PRIVAT

GUDS PLAN VIDERE. Etter snart et halvt år i Norge er vi ganske godt på plass. Barna har kommet godt i gang på skolen og i barnehagen, og har fått gode venner. Vi voksne trenger arbeid fra høsten av og er spent på hva Gud har på lur til oss. Så håper vi på at vi om ikke alt for lenge kan vi ta turen tilbake til Peru for å besøke venner og familie der.

VÅRE MEDARBEIDERE

Alice (opprinnelig fra Vatne) har vært misjonær i Sør-Amerika i mange år. Hun har nå, sammen med ektemannen Wilber og deres tre barn bosatt seg i Ertesvågen, Vatne.

FORELDRE STARTAR BIBELGRUPPE

Har du vore på Misjonssalen i Ålesund ein søndag føremiddag? Blitt imponert over at her er så mange? Kanskje er det likevel berre kakepynten du har sett. Her skal du få presentert eit heilt kakestykkje av Misjonssalen. Eit tiltak som verken styre eller pastor har bestemt.

TEKST OLE AUDUN OS

Foreldre må ein dag sleppe handa til borna sine og la dei bli sjølvstendige. Det spesielle med kristne foreldre er at dei veit om ei sterkare hand dei kan overlate borna til. Korleis kan dei lukkast med det?

I Misjonssalen har fleire foreldre invitert heim born på same klassesteg – til bibelgruppe. Fellesskap med andre som trur på Jesus avgjer ofte om det skal gå bra, for unge og gamle. Dessutan er dette misjon, mange har oppdaga at våre eigne born er våre beste medarbeidarar!

Gruppene er bibelgrupper, men ikkje like. Behov, alder, nådegåve, kapasitet, interesse – dette gir ulik innfallspport. Margrethe og Andreas Bakke starta den første bibelgruppa, så vart det knoppskyting, nesten som ein krattskog:

2005/06-KULLET

Lisbeth og Robert Vestgarden:

Stad: Hos Lisbeth og Robert.

Idé: Skape vennskap som gjorde at dei hadde nokon å vere ilag med på Misjonssalen.

«**Liturgi**»: Leik/icebreaker (mest då gruppa var ny), bibeltekst (Knut Tveitereid sine bøker har fungert flott), quiz med 5 kategoriar à 5 spørsmål, film (f.eks. newfaithnetwork.com) – 45 min episode med pizza eller tacobaguettar og iste er fast meny. Gode samtaler etter kvart som medlemmene har blitt eldre. I år var 5 frå bibelgruppa med på Fellesskap 23 i Oslo!

2007-KULLET

Åshild og Alfred Reitan:

– Gruppa var aktiv før pandemien og vi tenkte starte opp att etter konfirmasjonstida. Ei tid med mange andre oppgåver gjorde at vi ikkje klarte det. Kanskje kan dette pushet frå journalisten motivere til restart. Gjengen blir 16 år i år og mange går på Misjonssalen sin opne ungdomsklubb, «Fredag».



2011-kullet samla til bibelgruppe heime hos familien Tunheim. Jeopardy er ein fast del av programmet.

FOTO: REGION NORDVEST

2008-KULLET

Julie og Knut-Asbjørn Ulstein:

Gruppa har vore i drift i fleire år. Dei samlast rundt i heimane ein gong i månaden, Knut-Asbjørn og Julie er leiarar og vertskapet serverer kveldsmat.

05/06-gruppa var ein sterk motivasjon til å starte. Dei fleste som begynte hadde tilknytning til Misjonssalen, men ikkje alle.

– Vi har ikkje drive aktiv rekruttering, men sett det som viktig at gruppa blir godt kjent og trygge på kvarandre. Andaktene er undervisning frå Bibelen, korleis anvende Guds ord i kvardagslivet. Medlemmene får oppgåver dei skal svare på og så les dei opp svara etterpå. Spørsmål som er nær livet gir god respons, for eksempel «Kva er viktigaste/beste måten for deg å bli kjent med Jesus?». Etterpå er det quiz. Spørsmål frå dagens tema, og anna, seier Knut Asbjørn.

2009-KULLET

Helga Terkelsen (administrator):

Datoar blir sett opp for eit semester i gongen. Foreldre melder kva dato dei kan ta. Ein forelder har andakt, ein bestiller mat og har program/leik. Ingen hadde kapasitet til å ta dette åleine, men med denne fordelinga vart det bibelgruppe! Stad: Misjonssalen. 8-10 deltakarar er fast med.

2010-KULLET

Trine og Ole Christian Roth:

– Vårt mål har vore å motivere til å gå på Møre ungdomsskole, den kristne skulen her. Vi planla medan dei gjekk i 6. klasse og sendte så invitasjon til mange som kunne vere aktuelle elevar, ikkje berre frå Misjonssalen. Responsen var overveldande. Det spesielle er at det var berre jenter som kom. Vi har hatt samlingar rundt i heimane. Det blei jo etterkvart litt vanskeleg når vi passerte 30 ungdommer. Vi har fått bruke skulen, og ein gang hadde vi samling på treningssenteret der Trine jobbar.

Andakt, leik og teambuilding har styrka vennskap og gjorde fleire trygge på at de vil gå på Møre.

Ei gruppe for gutar 2010 er undervegs og vil bli starta av eit foreldrepar.

2011-KULLET

Silje og Geir Henning Tunheim:

Dei begynte dette skuleåret, inviterte frå Mix-klubb- og søndagsskulelista på Misjonssalen og fekk 100% ja. 14 sjetteklassingar samlast heime hos dei. – Idéen bak er å bygge vennskap, gi lyst til å møtast på Misjonssalen, bli bevart i trua og eventuelt få lyst å gå på Møre ungdomsskule, seier Silje.

Dei har langt på veg «kopiert» opplegget til 2005-06-kullet og får svært god respons.

REGIONMØTE MOLDE

Programmet på regionmøtet er så omfattende at alle ikke rekker alt. Samtidig vil det være noe for enhver smak, både av aktiviteter og innhold.

Morten Egeland, regionleder NLM utland, er med som hovedtaler. Morten har flere perioder som misjonær i Øst-Afrika bak seg og vil tale og ha seminar for oss. I seminaret «En utsendings dilemma» vil vi få innblikk i noen av utfordringene som våre misjonærer står i ute på felt. Anette Fredly kommer tilbake til hjemregionen sin for helgen og skal tale på kveldsmøte på lørdag. Anette reiser som forkynner for Misjons-

sambandet Norge, bor i Oslo, men er fra Hundeidvik.

Jorunn B. Aarvik jobber i Misjonssambandet ung, og har vært barne- og familiearbeider i Salem Bergen i flere år. Hun skal presentere andaktshjelpen «Smått og godt», en flott ressurs som kan brukes inn mot aldersgruppen 0–3 år.

Temaet for regionmøtet er «Heim» og det skulle bare mangle at vi ikke hadde et seminar om det å være gjestfri. Dette skal Solveig Klungsøyr som bor i Ålesund ha for oss. Her håper vi både å bli utfordret og få tips og hjelp til hvordan vi kan bruke hjemmet vårt.

ÅRSMØTE. På årsmøtet er det både

saker og valg. Vi skal velge representanter til Barne- og ungdomsrådet, regionstyret og valgmennda.

Vi ønsker å være en region med bredt eierskap og engasjement. Derfor er det viktig at vi får være med å velge de som skal lede arbeidet vårt. I samtalen om arbeidet vil vi samtale om kristen nestekjærlighet og hvordan dette kan komme til uttrykk i våre nærmiljø. Dette er et av syv strategipunkter Misjonssambandet har.

AKTIVITETER. Regionmøtet er for alle generasjoner og vi har derfor lagt opp til mange gode aktiviteter for barn og unge. Jungelgjengen er for 3–6 år og de holder til i

2. etasje på Sion Molde, og er derfor helt i nærheten om det skulle være noe. For de som har begynt på skolen så er det mulig å være med på enten klatring i Moldeveggen eller bowling. De som går i 5. klasse og oppover kan være med i Moldebadet. Alle gruppene får et måltid i løpet av aktivitetene.

Lørdagskvelden skal vi ha *Alle mot 1* i storsalen. Her får vi innslag fra hele regionen med ulike forsøk vi skal tippe på.

Søndagen avslutter vi ute med Misjonstivoli og friluftsmøte hvor Jorunn Bergo Aarvik har andakt. 15:30 er vi ferdige, og vi håper vi får reise hjem etter en god helg med godt felleskap og gode møter.



Region nordvest

Regionmøte2023 Tema: Heim 27.–28. mai, Sion Molde



Lørdag

11:30 Åpningsmøte for alle
Andakt: Morten Egeland
12:45–16:00 Årsmøte og Barnas
16:00 Middag
17:30–18:30 Seminar/Barnas fortsetter
19:00 Kveldsmøte
Tale: Anette Fredly Sang: Kairos
20:30 Kveldsmat
21:00 Alle mot 1 i storsalen

Aktiviteter Barnas: Jungelgjengen, bowling, multisport og bading i Moldebadet.

Søndag

11:00 Formiddagsmøte m/nattverd
Tale: Morten Egeland Sang: Kairos
Søndagskole
12:30 Middag
13:30–15:30 Misjonstivoli og friluftsmøte
Andakt: Jorunn Bergo Aarvik

Seminar lørdag

1.En utsendings dilemma - Morten Egeland
2.Et gjestfritt hjem - Solveig Klungsøyr
3.«Smått og godt» Andaktshjelp - Jorunn Bergo Aarvik

SLUTTSPURT FOR SPRETTE STYRAR

Frå Helgeland til Indonesia. Etter eit langt yrkesliv i Misjonssambandet si teneste kan Arnfinn Stige snart kalle seg pensjonist. Men først skal det kokast nokre middagar til på Vestheim ungdomssenter.

TEKST OSCAR NORDØ

Han er lett på foten der han fer. Arnfinn Stige fyller straks 67 år og blir med det pensjonist. I meir enn 25 år har han vore styrar på Vestheim ungdomssenter på Vestnes. Her har han sprunge mellom grytene på kjøkenet, talarstolen i møtesalen eller kanskje var det eit tett toalett som måtte fiksast. Bryllaup eller gravferd, barneleir eller KrF-fylkesstyre; Vestheim er staden. Arnfinn fiksar festmiddag eller suppe, i tillegg til ei mengd andre oppgåver som ein leirstadstyrar må ta seg av, og gjerne nokre talaroppdrag rundt om kring. – Men eg har trivest, seier Arnfinn. – Denne allsidigheita og variasjonen i oppgåvene har passa meg godt.

MANGE OPPGÅVER I MISJONSSAMBANDET. I heile sitt yrkesliv har Arnfinn vore knytt til Misjonssambandet på eit eller anna vis. Han har reist som forkynnar, vore krinsleiar i Helgeland og saman med kona Anne-Gro vore misjonær i Indonesia. – Dei fire åra i Indonesia var ei spennande og lærerik tid. Vi var ein del av den første gruppa norske misjonærar på Sumatra. Det er mykje ein vågar når ein er ung! Vi stod klare til ei ny periode i 1989, men forholda ute hadde blitt så vanskelege at vi måtte avlyse utreise. Sidan fekk vi nye oppgåver i Norge. Det har vi opplevd meningsfullt, sjølv om det ikkje vart meir Indonesia på oss.

«SORGEN OG GLEDEN DE VANDRE TIL HOPE». Sidan 1996 vart Vestnes heimstaden til Arnfinn, Anne-Gro og dei tre gutane Martin, Andreas og Kristoffer. Gode år. Men i 2000 vart Anne-Gro sjuk. Svulst på hjernen vart konstatert. Operasjonen gjekk godt og Anne-Gro kunne halde fram med arbeidet i barnehagen. Tretten år seinare var kreften tilbake og legane kunne ikkje gjere meir. Arnfinn fekk då omsorgspermisjon nokre månader. – Midt i det vanskelege hadde vi det fint også. Som personar er vi nokså sindige begge to. Alvoret seig inn, men vi kjende oss trygge i trua og Guds nåde. Og



FOTO: PRIVAT

vi opplevde oss omslutta av omsorg frå gode vener, seier Arnfinn. Anne-Gro døyde 20 des. 2013. Sorg og sagn til trass har livet gått vidare for Arnfinn. 1. juli 2017 vart ein gledens dag. På bursdagen sin, lett å hugse, vart han og Ellen vigde til ektefolk. Ellen hadde også mista ektefellen sin til kreft. Saman har ho og Arnfinn bygd seg nytt hus med nydeleg utsikt over Vestnes. – Vestheim ser vi også, berre nokre tre som står litt i vegen, seier Arnfinn.

NYE TIDER, NYE UTFORDRINGAR. – Sidan eg starta er det klart at ting har endra seg i leirstadsdrifta. Vi har m.a. fått eit mykje større ansvar for at drifta skal bere seg økonomisk. Det er krevjande, men vi har klart å drive Vestheim dei siste 20-25 åra med berre ei fast stilling. Den frivillige innsatsen frå folk som er glade i staden betyr veldig mykje. I tillegg var det heilt klart eit framsynt trekk å bygge dei tre hyttene vi har. Utleige av desse har finansiert

mykje, mellom anna utviding av internatet og oppgradering av den gamle delen slik at det er toalett og dusj på alle rom. Kjøkkenet vart totalrenovert i 2018 og to år seinare tok vi i bruk nytt flott inngangsparti med hall og toalettavdeling. Vestheim fungerer no som bedehus i bygda og Vestnes misjonsforsamling har møta sine her, seier han.

GODE ÅR PÅ VESTHEIM. – Eg er takksam for åra på Vestheim, seier Arnfinn. – Her har eg blitt kjend med mykje kjekke folk, både unge og gamle. Vestheim er ein viktig samlingsstad, særleg for dei som ikkje har noko kristent miljø, eller kristne vener på heimstaden. Slik var det for meg òg. Her kan ein få påfyll og opplæring og finne vener for livet. Så må vi ikkje gløyme at ein stad som Vestheim alltid vil vere avhengig av støtte og omsorg, at folk bryr seg om arbeidet og held fram med å sende barn og barnebarn hit, avsluttar han.



SOMMERLEIRER I NORDVEST

Juni er den store leirmåneden denne sommeren også. Her får du oversikten over de forskjellige sommerleirene vi i Misjonssambandet ung nordvest arrangerer i 2023.

9.–11. juni:

Safarileir 1.–4. klasse,
Vestheim ungdomssenter

16.–18. juni:

Sport-aktivleir 5.–7. klasse,
Vestheim ungdomssenter

16.–18. juni:

MIX-leir 1.–4. klasse,
Møre barne- og ungdomsskule, Herøy

16.–18. juni:

Hakalleleir 3.–7. klasse,
Hakallestranda

23.–26. juni:

62° Nord 8.–10. klasse,
Vestheim ungdomssenter

23.–25. juni:

Newton-leir 1.–4. klasse,
Solhøgda Leirsted

26.–28. juni:

Sommerleir 5.–8. klasse,
Solhøgda Leirsted

PERSONAL

TO PENSJONISTER

I medarbeiderflokken her i regionen har vi to stykker som går over i pensjonistenes rekke til sommeren. Da er en lang arbeidstid i lønnet tjeneste for Misjonssambandet over.

Arnfinn Stige har hatt ulike tjenester både i inn- og utland, og nå siste 25 år på Vestheim. Les stykket om han annet sted i bladet.

Ole Audun Os slutter også til sommeren. Han ble ansatt i Sunnmøre og Romsdal krins i 1979 og slutter til sommeren etter 44 år i misjonen.

FJELL-LEIR

27.–30. juli kan du få med deg alle tiders leir på Solhøgda leirsted i Ålvundfjorden. Da går startskuddet for årets fjell-leir. Det er mange turmål i alle retninger i nærområdet rundt Solhøgda. Innerdalen, Trollheimen. Sunndal, Surnadal og Tingvoll kommuner har fjell og daler for ulike turmål. Marit og Per Ove Aarseth blir med på årets fjell-leir. Dagene på fjell-leiren starter og avslutter med samling om Guds ord. Velkomne til gode dager i flotte omgivelser. Ta kontakt direkte med Solhøgda for påmelding og mer informasjon. Tlf. 71 69 81 13

Comfort
VALDERHAUG
RØRHANDEL AS
6050 VALDERØY



Radio Nordvest
RADIOEN FOR ØRE & HJERTE

SULA ENTREPRENØR AS
Mauseidvåg småbåthavn
Innendørs/utendørs vinteropplag av båter
Tlf.: 913 05 341

ELIAS BREIVIK as
TRANSPORT

BLINDHEIM INDUSTRIVEG 4
6020 ÅLESUND
FAX: 70 14 24 99
MOBIL: 400 06 384

Slyngstad
Elektro AIS
AUTORISERT EL. INSTALLATØR
6265 VATNE

• **Elnesvågen**, Torget 6 • Tlf 40443469
Tor-fre: 11–16 / Lør: 11–15
• **Kristiansund**, Rørgata 8 • Tlf 40443479
Tor-fre: 12–17 / Lør: 11–15
• **Ålesund**, Brusdalsveien 216 • Tlf 40443460
Ons-tor: 11–16 / Lør: 11–15

• **Volda**, Elvegata 7 • Tlf 40443454
Ons: 12–16 / Tor: 12–17 / Lør: 12–16



NLM GJENBRUK

PURE
NORWEGIAN SEAFOOD AS